



---

## «Soa\_Navn»

«Sdo\_AMNavn»  
«Sdo\_AMPostAdr»  
«Sdo\_AMAdr2»  
«Sdo\_AMPostNr» «Sdo\_AMPoststed»

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
«Sdo_Arki vSakID»-	«Sdo_AMRe feranse»	«Sbr_Navn»	«Sbr_Tlf»	«Sas_ArkivID»	«Sdo_DokDato»
«Sdo_Dok Nr»					

## «Sdo\_Tittel» «Sdo\_Tittel2»

Formannskapet i Lærdal er kjend med at sak om berekning av ny vassline for Lærdalsøyri skal opp til drøfting i møte i NVE 04. september 2013. Me har fått tilbakemelding på at de håpar på å konkludere på møte angående desse berekningane, slik at Lærdal kommune endeleg kan få eit avklarande svar i saka.

Situasjonen i Lærdal er no svært vanskeleg. På grunn av lang sakshandsamingstid hjå NVE i denne saka, er det no fleire byggesaker og reguleringsplansaker som ligg på vent. Kommunen har ingen moglegheiter til å slutthandsame byggesaker på Lærdalsøyri før dei nye vasslinjene er på plass. Kommunen vart lova av NVE at endeleg avklaring i saka skulle vera på plass seinast mai 2013, men me har enno ikkje fått noko tilbakemelding. Dette gjer til at fleire entrepenørar i bransjen no står utan arbeid, då fleire av prosjekta som var bestilt, ikkje har fått forventa slutthandsaming i kommunen. Dette gjev både kommunen, privatpersonar og næringa store utfordringar, spesielt økonomisk.

Formannskapet i Lærdal krev no at det vert fortgang i saka, og at det vert gjort endeleg avgjerd om berekningar av vassliner for Lærdalsøyri på møte i NVE 04. september 2013. Lærdal kommune må få ei rask tilbakemelding på avgjerda etter møtet.

Med helsing

Formannskapet i Lærdal:

---

Jan Geir Solheim (ordfører)

---

Gro Starheimsæter

---

Geir Øverland (varaordfører)

---

Jan Olav Fretland

